

**Norske Parker**  
v/ Kristian Bjørnstad  
[kristian@norskeparker.no](mailto:kristian@norskeparker.no)



Aurland, 15. april 2024.

## **Framlegg til fusjonsplan mellom Norske Parker og Norges nasjonalparkkommuner – uttale frå Verdsarvparken.**

Syner til motteke framlegg til fusjonsplan for evt. samanslåing av medlemsforeiningane Norske Parker og Norges nasjonalparkkommuner. Frist for uttale er sett til 15. april d.å.

### **Innleiing og grunnlag.**

Medlemsforeininga Norske Parkar vart skipa i Underdal den 2. mai 2011 av Valdres Natur- og Kulturpark, Telemarkskanalen regionalpark, Haldenkanalen regionalpark, Landskapsparkane i Hordaland og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Organisasjonen markerte 10-år i mai 2022 (koronautsett) som ein del av den nasjonale konferansen «*Levande Landskap*».

Norske Parker og regionalparkane sitt fremste føremål går fram av vedtektene som syner til fylgjande: «*Lokale og regionale parker har som formål å skape økt samarbeid om ivaretakingen og videreutviklingen av natur- og kulturverdier i definerte landskaps- og identitetsområder i Norge, og bærekraftig bygde- og næringsutvikling som skal ivareta det lokale eller regionale særpreget.*» Foreininga sitt medlemskap utgjer p.t. 9 regionalparkar i 41 kommunar med tilsaman 428 partnerar.

Norske Parker med sine 3 tilsette har vakse fram til å bli det fremste nasjonale kompetansesenteret på prosess og støtte til utvikling, etablering og drift av regionalparkar i Noreg. Organisasjonen si verksemd er i hovudsak finansiert med kontingent frå medlemar og prosjektmidlar men for åra 2019 -2022 fekk Norske Parker løyvd kr. 5mill. over Statsbudsjettet til drift av org., finansiering av relevante prosjekt samt fordeling til medlemsparkane. Summen vart noko overraskande, trass tydeleg innspel om det motsette frå Norske Parker, fjerna frå Statsbudsjettet i 2023. Godt grunnjevne innspel til budsjettprosessen for 2024 om å reetablere midlane har så langt ikkje ført fram. Dette har i praksis ført til at Norske Parker står nærast utan økonomiske midlar til finansiering av ordinær drift og oppfølging av prosjekt – og medlemsaktivitet.

Den kritiske økonomiske stoda til Norske Parker er den mest sentrale drivaren i den pågåande prosessen knytt til mogeleg samanslåing/ fusjonering med foreininga Norges nasjonalparkkommuner. Det kan rett noko vere fleire gode grunnar til at det vil vere føremålstenleg å gå saman om ein felles organisasjon som framstår samlande og med meir moment/ kraft til å fremje og få gjennomslag for saker og satsingar som er viktige for medlemane. I informasjonsmøte den 14. februar vart det m.a. vist til fylgjande:

«Hvorfor sammenslutte Norges nasjonalparkkommuner og Norske Parker?»

- Identisk formål – forskjellig tilnærming
- Hver for oss er vi for små til at vi når fram til sentrale myndigheter
- Som sammenslått organisasjon kan vi bidra til at staten innfrir sine forpliktelser i Naturavtalen.
- Bidra til sunn distriktsutvikling og livskraftige lokalsamfunn
- Gjennom Europarc Federation orientere oss mot Europa når det gjelder organisering av parker og verdifulle landskap. «

Ein gjennomført fusjonsplan vil i realiteten føre til at Norske Parker som sjølvstendig organisasjon og eining vert avvikla og oppløyst. Samstundes legg den same planen opp til at både Norske Parker sitt føremål vert vidareført i ny felle organisasjon.

Omsynet til tilsette i Norske Parker vert og ivareteke i og med at ny felles organisasjon overtek og vidarefører arbeidstilhøva med uendra lønsvilkår og andre personlege rettar.

Verdsarvparken har med det grunnlag i som er omtalt over fylgjande uttale til **Fusjonsplan med vedtekter for Norske Parker og Norges nasjonalparkkommuner**:

- Me vil tilrå at ein opprettar ein seksjon som får hovudansvaret for oppfølging av regionalparkar, geoparkar og biosfæreområder, gjerne kalla «Regionalparkseksjonen».
- Pkt.5.1./c: Dette pkt. vert supplert med fylgjande: *Regionalparkseksjonen (tidl. Norske Parker) får kontorstad Trysil.*
- Pkt.5.1./d: Endringane fører i realiteten til at medlemskapet i Norske Parker opphøyrer. Det vert difor prinsipielt feil å føresetje at medlemmane i tidligare Norske Parker automatisk vil vere medlem i ny organisasjon. Medlemmane lyt sjølv få høve til å ta stilling til dette og difor lyt dette punktet endrast til «*Samtlige medlemmer i Norske Parker vert invitert til å inngå medlemskap i den fusjonerte foreningen.*»
- Pkt.5.4. - 2. avsnitt: Vert endra i samsvar med pkt. 5.1. i høve kontorstad – sjå over.
- Pkt.6.1. – vedtekter: Foreininga sitt namn bør endrast til «*Dei nasjonale Parkane*». I Noreg er det mange parkar og organisasjonar/ verksemder med «*Park*» som ein del av namnet utan at desse repr. landskap av nasjonal og/eller internasjonal verdi og vekt. «*Parkar i Noreg*» vert difor, av mange grunnar, både misvisande og gjerne litt kraftlaust.

I vedtektene sitt pkt. 4, der ein nemnar opp kven som kan være medlem, er både «*Regionalpark*» og «*Verdsarvpark*» ført opp. Me har berre ein Verdsarvpark, og denne parken er ein Regionalpark. Namnet syner til at

ein har ein regionalpark med utgangspunkt i eit verdsarvområde. I staden for «dobbel» oppføring bør det stå: «*Regionalpark, herunder også Verdsarvpark*».

- Pkt. 6.4 – avsnittet om kapitalsinnskot: Utgår/ vert fjerna slik det ligg føre i framlegget. Det ligg ikkje føre gode nok grunnar til at dei som ynskjer å bli medlem av den nye organisasjonen både skal betale eit kapitalinnskot og medlemsavgift. Eit kapitalinnskot og som må sjåast som tapt om ein vel å avslutte medlemskapet. Dette vil virke mot sitt føremål/ ha avvisande effekt på mogelege medlemmar til organisasjonen.
- Pkt. 7.2. – 2. avsnitt: Det lyt ligg til styret for den fusjonerte foreininga å ta endeleg stilling til vedtektene – ikkje til styret for Norges nasjonalparkkommuner.

Med venleg helsing

David Underdal  
Styreleiar  
sign.

Siri W. Bøthun  
Nestleiar  
sign.

**Kopi:**

- Erling Oppheim, dagleg leiar ,NVP.